



ALVER
KOMMUNE

Plan og byggesak

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/2689 - 20/5691

Saksbehandlar:

Lennart Falkenberg-Arell

lennart.falkenberg-

arell@alver.kommune.no

Dato:

04.02.2020

Ny vurdering av motsegn til detaljregulering for Hamneset - PlanID 1263-201612

Bakgrunn:

Tidligere Lindås kommune var i dialogmøte med fylkesmannen i Vestland 28.09.2018. Fylkesmannen konkluderte i møtet at det vil verte fremja motsegn til planen i sin heilskap. Formelt motsegn til planforslaget vart innsendt 11.10.2018. Motsegnet gjaldt særleg, utbygging i strid med arealformål og byggjegrænse for funksjonell strandsone i forhold til overordna plan.

Tidligere Lindås kommune sendte brev til tiltakshavar 04.10.2018 at på bakgrunn av motsegnet vil ikkje kommunen ha høve til vidare sakshandsaming. Tiltakshavar vart i same brev opplyst om moglegheita til å sende inn innspel til rulleringa av ny kommuneplan, vedrørande endring av byggjegrænse for funksjonell strandsone. Det gjorde tiltakshavar, men merknaden vart ikkje tatt til følge.

Dagens situasjon:

I ny kommuneplan (no KDP) for Lindås kommune, opnar ein for å kunne oppføre naust i område sett av til fritidsbuseiend, gjennom reguleringsplan, jf. Punkt 3.1.2.

Det kjem fram av planskilddinga til KPA på side 40-42 (punkt 3.3.14 og 3.4) at vurderingane kring kartlegging av funksjonell strandsone som vart gjennomført i 2011, er vidareført i ny kommuneplan. For meir informasjon om sjølve kartlegginga av område, sjå vedlagt rapport under punkt 2.5.1 første avsnitt.

Plansaka vart ikkje formelt avslutta i Lindås kommune, og dermed overført til ny sakshandsamar i Alver kommune. I møte med tiltakshavar 31.01.2020 kjem tiltakshavar med innspel til motsegnet, vedrørande om habiliteten til Egil Hauge i

høve til forvaltningslova § 6 er blitt vurdert i planprosessen og om Hauge sin stilling hos fylkesmannen kan ha hatt ein subjektiv påverknad til vurderinga av planforslaget. Tiltakshavar vart informert om at ein eventuell habilitetsvurdering i denne saka, ligg hos fylkesmannen og ikkje Alver kommune.

Tiltakshavar ynskjer ei ny vurdering av motsegnet til planforslaget og ved habiliteten til Egil Hauge i denne saka.

Uttalefrist vert sett til 29.02.2020.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 1.Samordna uttale med motsegn, datert 11.10.18
- 2.Strandsonekartlegging, datert 28.08.2011
- 3.Lindås_KPA_planskildring, datert 15.10.19
- 4.Lindås_KPA_foresegner, datert 15.10.19
- 5.Lindås_KPA_plankart, datert 15.10.19
- 6.Saksframlegg til 1.gongs handsaming
- 7.Regplan_planskildring, datert 11.05.18
- 8.Regplan_føresegner, datert 31.05.18
- 9.Regplan_plankart, datert 29.05.17

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER